



Hengebrua på Stanghelle.

Utlånt av: Fotoarkiv Vaksdal kommune.

JERNBANEBRUA PÅ STANGHELLE I 1940

Arvid Stanghelle

På oppmodning skal eg skriva lift om korleis det gjekk føre seg med jernbanebrua Stanghelle i 1940. Eg hugsar ein god del om dette som nok sikkert ikkje er særleg kjent for dei yngre generasjonar.

Dei tyske soldatar inntok Bergen tidlig på morgonen tysdag 9. april i 1940. Åtaket kom uventa på alle, både sivile og militære. Men alt 10. april kom det norske militære styrkar til Stanghelle. Dei var sikkert redde for at tyskarane straks skulle nytta jernbana for å rykkja fram mot Voss der det var samla mange norske soldatar både på Bømoen og Tvildemoen. For å hindra ei slik framrykking vart det vel

nærast i panikk avgjort at brua på Stanghelle skulle sprengjast om ettermiddagen 10.april. Naboen vår, Tomas Stanghelle hadde på ein tilfeldig måte fått greia på kva tid dette skulle henda. Han og familien hans kom bort til oss i Lågaskaret for huset vårt låg litt meir skjerma for lufttrykket frå sprenginga. Alle som var i huset hjå oss, det var far og mor, eldste bror min og eg, saman med Tomas sin familie søkte dekning i potetkjellaren vår. Det skulle vera tryggaste staden. Alle var nok meir og mindre redde og alvorsame medan me stod og venta på det store smellet. Då det kom høyrdest det mest ut som eit døyvt dunder. Ei lita glasrute i potetkjellaren rauk, men verre gjekk det med mange av glasrutene oppe i huset. Eksplosjonen var såpass kraftig at jarnbitar av brua landa ikkje langt frå huset vårt.

Ved eksplosjonen datt jernbanebrua ned i den enden som vender mot stasjonen. Det gjekk ikkje mange dagane før dei rette myndigheiter skjønna at denne sprenginga var eit forhasta misstak. På Vaksdal Mølle var det store lager av mjøl og dette var det viktig å fa austover mot Voss. Difor vart det i all hast bygd ei provisorisk bru oppå den nedspregde brua.

Ut på ettermiddagen den 23. april gjekk tyskarane til åtak på dei norske styrkane som hadde stillingar både på aust og vestsida på Stanghelle. Ut på natta måtte nordmennene trekka seg attende. Då vart jernbanebrua sprengt i den andre enden slik at ho datt heilt ned i sundet der.

Etter at dei norske styrkane som kjempa ein vonlaus kamp mot overmakta måtte kapitulera og livet på si vis normaliserte seg vart det ut over sommaren bygd ei ny provisorisk bru oppå brua som no låg heilt nede. Før denne brua kunne takast i bruk vart det rigga opp ei hengebru litt nedafor jernbanebrua der folk kunne gå over. Det var fleire brot på jernbana i retning Bergen, så lenge utover sommaren kom folk med båt frå Trengereid til Stanghelle. Dei måtte då gå frå kaien og langs jernbana til hengebrua, over den og på austsida av den ubrukelige jernbanebrua stod tog som tok dei med vidare austover.

Det vart snart sett i gang med bygging av ny jernbanebru. Den vart oppbygd på ein svær stillas som var plassert på nedsida av den sprengde brua. Det drygde ei tid utover hausten før den vart ferdig og store nedbørsmengder saman med snøsmelting skapte uventa stor vassføring i Daleelva. Dette gjorde at den nedspregde brua og alt stillas verka som ei demning. Vatnet stod 1 meter høgare på oppsida av brua og sprengde på med stor kraft.

Men det gjekk bra, heldigvis får ein seia. Vatnet stod så høgt at eg kan hugsa at i naustet vårt som lag litt lenger inne i Vågen, hadde båten vår vore heilt oppe i taket. Korleis dei fekk baksa den nye brua på plass veit eg ikkje, dei hadde vel sine reiskapar til det .Ho ligg der i alle fall den dag i dag.

Ut på føresommaren 1940 var den ei natt ei anna hending. Det var nok engelske fly som trulig var jaga av tyske fly og difor måtte kvitta seg med bombelasta. Dei første bombene fall innafor Dalebryggja og vidare utover Vågen. Ei bombe eksploderte rett oppom huset vårt slik at det gjekk bombsplintar igjennom husveggen fleire stader. Ingen vart skada, men det var ei uhyggeleg oppleving å bråvakna midt på natta av at huset rista og skalv. Den siste bomba fall ned berre



Montering av ny fagverksbru ved Stanghelle.

Utlånt av Norsk Jernbanemuseum.

nokre meter frå sørenden av jernbanebrua: Det måtte vera ei såkalla brannbombe og eg kan tydelig hugsa at eldsloggen stod høgt til vers. På grunna i nærleiken av nauset vårt vart det liggjande fleire ueksploderte bomber. Det var spennande saker og han Johannes, Knutajohannes, som var teknisk interessert fekk meg med på nærare gransking av desse. Me tok båten, eg rodde og han stod framme. Han og greidde å få festa ei rennelykkja på ei bombe som me frakta nokre hundre meter og la ho frå oss på ei berghylla. Kvar det vart av ho veit eg ikkje, men ein kan trygt seia at for oss var lukka betre enn forstanden. Under heile krigen var det tyske soldatar som gjekk vakt på Stanghelle jernbanebru utan at det førde tildramatikk av noko slag.